

# GARDER OG FOLK I SØRFJORDEN

NOTAT AV HANS BROMSTAD OG INGVALD HUSBY

*Dette er skrevet i tekstbehandling av Per Husby på grunnlag av handskrevne notater som Hans Bromstad har lånt ut til Eilert Bjørkvik. Jeg har prøvde å overføre dette etter beste evne, men litt endringer har jeg gjort da noen notater gjentar det samme. Jeg har brukt språket som Hans har brukt, men normalisert det til nynorsk da det er noe blanding og nynorsk er nærmest. Notatene er skrevet omkring 1970 og opplysningene gjelder fram til da.*

*Opplysningene om gårdene Husby, Mælan østre og Søraunet 275a er fra notater av Ingvald Husby som Eilert har fått. Ingvald skrev på bokmål og derfor er det brukt for disse avsnitt.*

*Stoff skrevet i kursiv er tilføyd/rettet av meg på grunnlag av nye opplysninger.*

*Hans Bromstad og Ingvald Husby gjorde en uvurderlig innsats for å samle og skrive ned stoff om garder og folk i indre Stjørna.*

## PLASSER UNDER RAMSVIKA

### RAMSVIKHAUGEN

Plass under Ramsvika. Ellen Olsdr. Turbekmoen g.m. Nils Engan frå Støren (Nils Ramsvikhaugen) rydde plassen og bygde hus der.

Barn:

1. Anton, ugift, død Ramsvikhaugen
2. Jakob, flytta til Dalane
3. Ingeborganna, ugift, bodde i eige hus ovafor Ramsvika. (Stua seld til Johan Harbakk)
4. Ola, ugift, bodde Ramsvikhaugen og døde der.
5. Johan Arnt, ugift, bodde hos Ingeborganna.
6. Lovise, g.m. Petter Harbakk
7. Johanna, mor til Martin Sørheim.
8. Jakob g.m. Jørgine Porten.

Stua på Ramsvikhaugen vart seld til Nils Øian. Han flytta ho til Tørrabben Stua vart seinare seld til Kristen Jansen og seld på nytt til Peder Dueskar.

### OLDERDALEN (eller Einemoen)

Plass under Ramsvika. Jakob Nilsen (f. Ramsvikhaugen) dyrka opp jorda og bygde hus der. 6 dekar dyrkajord. Han hadde 12 dagar pliktarbeid for plassen. Det var 3 dagar i våronna, 6 dagar i slåttonna og 3 dagar i haustonna. Dei hadde rett til fritt å ta eine og rot i gardens skog.

Jakob Nilsen var gift med Jørgine Møller (Monsvold). De hadde desse barna:

1. 1. Kristian f. 1895. død på Sørheim
2. 2. Nils Martin f. 1878
3. 3. Anna f. 1881 g.m. Karl Danielsen.
4. 4. Alfred f. 1887, ugift, bor ved Ramsviksjøen.
5. 5. Edvard Arbeidde hos Israel Melhus, døde Trondheim Sykehus

Jakob dreiv med dagarbeid, jord- og skogsarbeid . Jørgine var vertskapskokke. Ho dreiv mykje med baking – flatbrødbaking med meir. Begge døde i Dalane.

Etter at Jakob og Jørgine døde, gjekk plassen over til Karl Danielsen som var gift med dottera anna Jakobsen.

Barn:

1. 1. Jørgine, gift Strinda?
2. 2. Arne, bodde i Sørheim
3. 3. Dagny, g.m. Kristian Dalemo. Han vart seinare g.m. Edit Kristiansen
4. 4. Ingeborg, g. Gelein død.
5. 5. Elfrida g.m. Håkon Nilsen

Karl Danielsen var frå Åfjord. Han ble gift på nytt med ???

## **OPHEIM** 52/3-4

Martin Jakobsen kjøpte jorda frå Ramsvika i 1925. ein del av jorda var da dyrka. Resten, omkr. 10 dekar dyrka Martin Opp. Han bygde nye hus på bruket.

Det er 22 dekar dyrka jord. Bruket har beiterett i utmarka til hovudbruket. Martin Jakobsen var gift med Anna Martinsdatter Rødsjø.

Barn:

1. 1. Lovise g.m. Aksel Dypvik

Martin ble gift på nytt i 1941 med Ragna Dueskar.

I unge år dreiv Martin sjøen. Han var i Halten i 16 vintrar. Dei 2 første åra var han lottkar hos Johan Arnt Bjørkvik. seinare fekk han seg reiskap sjølv og var da saman med Johan Bjørkvik som hadde båt.

Elles dreiv han med sildgarna på Stjørnfjorden og også på Innherred. I seinare tid dreiv Martin som bygningsmann, både muring og tømmermanns arbeid ved sida av gardsdrifta.

Martin slutta med gardsdrifta i 1956 og seinare har jorda vore bortleid.

## **BERG**

Sivert Berg var frå Bjugn, g.m. Kasbara som var dotter til Ove Vorpvik. Sivert Berg var smed og bygde seg smie på plassen. Han dreiv også med murarbeid.

## **DALANE**

Ellen Olausdr. Rødsjø. Dei hadde ei dotter Hanna. Ho var gift med Tomas Solbakken, Selbu.

## **SØRHEIM**

Utskilt av Øvre Djupvik. Martin Sørheim kjøpte jorda og bygde hus der. Stua vart bygd opp av størhuset i Osplia. Martin Jakobsen bodde der ei tid.

## **UTSIGTEN**

Plass under Ramsvika. Ole Ingebrigtsen rydda plassen og bygde hus der. Det var 8 da dyrkajord. Han bodde først i Bekken ved Strandasjøen.

Ole og Kristine (frå Hasselvika) bodde ei tid i Bekken før dei var gift. Hans Bromstad maste på dei at dei måtte gifte seg. Ole sa da; ”Best å gift seg – fri gnaget Hans”.

Ole og Kristine ble gift og flytta til Utsikten. Ole var skinnfellmakar. Han reiste delvis også rundt på gardane og arbeidde med skinnfellane. Han hadde da fri kost og losje. Det var ei veker arbeid før fellen var ferdig og betalinga var kr. 5,-.

Ole Ingebrigtsen var son til Ingebrigt Hulvand. Han bodde på Gammelgården i Holvatnet – ved elva.

Ole sa også eingong han henta sild ved Strandasjøen; ”Tungt å bera – lettar å dra – tungt å dra og”. Han tenkte høgt og svært logisk.

Ole skulle hente Ingeborg Aune til jordmorhjelp. Kom inn på Aune sa ikkje noe særlig. Ingeborg forsto kva som skulle komme. Hu sporte; ”Trur du det haster da Ole”. Da kvikna Ole til og svara; ”Ja, vi såg i haue”.

Ole og Kristine hadde 2 barn:

1. Marie, reiste til USA, gift der.
2. Gusta, reiste til USA, gift der

Seinare ble Ole g.m. Oline Solem frå Bjugn. Barn:

3. Olise g.m. Aksel Ersøybakk
4. Sofie – Bodde heime – er sjuk

## STRANDEN gnr. 53

Etter matrikkelen 1890 er det under Stranda 4 bruksnummer:

bnr.	1	Stranden
	2	Turbekmoen (ytre)
	3	Kleven
	4	Turbekmoen (indre)

Turbekmoen bnr. 4 hørte til under Søråune, men er vorte overført til Stranda. Grunnen til dette var at begge Turbekmogardane hadde same eigar den gang dette vart gjort.

Grensene for Stranda gnr. 53 blir da:

Grensa for indre Turbekmoen mot Søråune mot aust og Kleivahamaren mot vest. Mot fjellet følgjer grensa "fjellsets fot". Stranda bnr. 1 har også eigedom på Strandfjellet. Fjorden og elva grenser av mot sør.

Vanleg kalla Stranda. dette er hovudbruket . Det var leiglendingsbruk til 1854. Før den tid hørte garden til Ørlandskjerka. Gardane Djupvika, Ramsvika og Stranda var kjerkegods og vart i dagleg tale kalla Kjerk halvspannet

Hans Bromstad fekk skjøte på Stranda 30. mai 1854 frå Ørland og Nes kjerker. Kjøpesummen var 800 spesiedaler. I 1873 vart det bygd ny stuabygning og noen år seinare ny driftsbygning. Det var etter tilhøva stor og gode hus. Husa brann 28/10 1877 og Jens Brandhaugen eller Fisdal var tømmermann.

Fa Hans Bromstad tok over garden var det dyrka jord berre inn til ein bekk som gjekk ned der meieriet no står. Joss-myra ovanfor Omhaugen var rekna for botnlaus og farlig. Der meieriet står vart det kalla for Gryta. Det var to gjettegryter i berget der, dei kom bort ved planeringsarbeidet.

Den djupe hølen i elva ved Osaelv bru vart kalla Badstuhølen. Dei gamle meiner at det har stått ei badstu her. Det flate berget ved Badstuhølen vart bruka til landingsplass for båtar. Eg kan minnast at Edvard Sagli la lofotbåten til her og tok på land utstyret når han kom frå Lofotfisket om våren.

Frå Bastuhølen oppover mot Strandafjellet var det omkring 1850 skog og utmark. Det vart fortalt at ulven hadde tilhald her. Om vinteren hørte ein stadig hyling frå marka her fortalte Olava Strandalia.

Det var sjøhus fleire stader langs stranda. Ved Strandasjøen var det brygger og naust, noheng og andre innretningar i samband med fiske. fleire notbruk hadde stasjon her og det var vanleg at folk frå nordsida i Sørfjorden rodde ut fiske herfrå.

Sørfjorden har vore ein god sildefjord frå gamal tid – serleg var fjorden "innafor Skjæret" godt skikka for å stenge sild i noe. Landslotten var derfor ei inntekt til garden. No er det Kleiva som har mesteparten av strandstrekninga der fisket gjekk for seg.

Da Kleiva vart skyldsatt som eige bruk vart landslotten mellom desse bruka delt slik at Kleiva berre skulle ha 1/8. Tanget som vaks i fjæra vart bruka til krøtterfôr og gjødsel. Tanghandel (rett til å skjere tang) skulle derfor høre til hovudbruket heilt ut til Kleivabekken.

Ved Strandasjøen var det ei tid også landhandel. Det var Indre Skjørn handelssamlag som tok til her i 1910?. Det ble da også bygd kaie der. Indre Skjørn handelssamlag flytta til Råkvåg i 19?? og held fram der under namnet Råkvåg handelssamlag.

Strandalia var husmannsplass under Stranda. Plassen vart rydda av Tomas Olsen Strandali og kona Olava Mikkelsdr. Dottera Berntine Strand kjøpte Strandalia o 1921.

Stranda har skog i Haugsdalsåsen. det var også sæter her som hørte til Stranda. Strandasetra eller "Stampen" som ho vart kalla i dagleg tale vart seld til Odin Olsen Turbekmoen i 1895. Kjøpesummen var kr. 1000,00. Med setra fulgte ein del rettigheter og litt skog.

I skogen i Haugsdalsåsen hadde garden Øyan beiterett. Ved utskifting av 1952 vart beiteretten avlyst slik at Øyan tok over ein del av skogen.

Garden hadde kvernbruk i Turbekken. Det var lite brenntorvland til garden. det vart derfor kjøpt eit torvlandstykkje av Rødsjøsetra i 1913. Det vart slutt med torvskjeringa i 1950 åra.

Stranda har 70 da dyrka jord og 30 dekar overflatedyrka beite. I 1962 vart eigedommen Djupvika gnr. 51, bnr. 1 kjøpt av Hans Bromstad og blir drive saman med Stranda. Her var omkring 75 dekar dyrka jord, men ein del va dette er ikkje vedlikeholt.

Det er 1963 arbeida ut driftsplan for drift av jorda på gardane. det er også lagt driftsplan for 350 da av skogen.

Brukarar slik det er fortalt:

Pål Stranda g.m. Anne Olsdr. f. 1756 bygsla garden av Ørland kjerka fram til omkr. 1800. Dei hadde desse barna:

1. Anne Paulsdr. f.ca. 1779
2. Berith Paulsdr. f.ca. 1782
3. Anders Paulsen f.ca. 1785. Brukar etter stefaren.
4. Paulina Paulsdr. f.ca. 1798

Etter at Pål Stranda døydde gifta enka Anne seg med Nils Fredrik Tromp (vanleg kalla Trompen).

Nils Fredrik Tromp fekk bygselbrev på Stranda 1801. Han var mykje nytta av øvrigheita til ymse oppdrag. Ein ser ofte namnet hans på dokument frå denne tida. I kjellarmuren under gamalstua på Stranda var mura eit skap der det er fortalt at Trompen hadde skjenken sin. Bergskjæra på øra nedan garden har vore kalla Trompskjæra heilt til seinare tid.

Etter at Anne døydde flytta Trompen til Ørlandet. Paulina var med.

Anders Paulsen Stranda fekk bygsel på garden 1815. Han var gift med Ingeborg Stormo (dotter av Kristoffer Stormo den eldre). Dei hadde visst nok ikkje barn. Dei fostra opp Odin Turbekmo. Mor til Odin var frå Orkdal og ho tente på Stranda (var det Anne Olsdr.?). Odin førte med seg Tokstadvavnet frå Orkdalen. Barna hans tok dette som slektsnamn seinare.

Ingeborg døde på Stranda. Anders flytta seinare til Strandasetra saman med fostersonen Odin. anders døde der oppe etter 1 ½ års tid.

Odin Turbekmo f. 1832, g.m. Gunelie Guneriusdtr. Turbekmo. Med dei budde på Stranda hadde dei barna:

1. 1. Johanna Sofie Odinsdtr. f.ca. 1858 g.m Johan Arnt Nyland.
2. 2. Andreas Odinsen Turbekmo f.ca. 1860

Dei andre barna er født i Strandasetra (Haugsdalen) og på Turbekmoen,

3. 3. Nils Odinsen f. ca. 1862
4. 4. Sebina Odinsdtr. f. ca. 1864

Hans Olsen Bromstad frå Strinda f. 16/10 1822, død 30/11 1893 g.m. Lovise Larsdtr. Stormo f. 17/4 1834, d. 30/10 1880. Hans kjøpte Stranda gnr. 53, bnr. 1 av Ørland og Nes kjerke 1854.

De hadde desse barna:

1. Ingeborg f. 10/8 1855, g.m. Lars Moe. Budde og eide Stormo ei kort tid mens Lars Levde. Flytta til Trondheim og eide og dreiv hotell Hospitset Thomas Angells gt. 10. Reiste til USA til eit av barna og døde der 1926.
2. Lars f. 6/4 1857, g. 6/6 1901 m. Kristiane Sikveland frå Time fødd 8/9 1876. Han var bonde på Stranda frå 1895 til 1934. Døde ????
3. Olava f. 30/3 1860. Ugift. Var husflidslærarinne i Trondheim frå 1897 til 1924 ved "Norsk Husflids Venner" skole. hadde også mange husflidskurs rundt på bygdene i Sør og Nord-Trøndelag. Etter at ho slutta som lærarinne budde ho ei tid på Lillehammer og seinare i Oslo. Under krigen 1940 flytta ho til systera Laura Husby på Folkvang i Stjørna og døde der i 194
4. Oline f. 5/8 1862, gift med Anders Husby. bondekone på Husby.
5. Elisabet f. 6/12 1864, g.m. Anton Selnes, døde på Selnes 193
6. Helmer F. 23/4 1868, reiste til Amerika og dreiv i mange år med flytting av hus i Chicago. døde i Chicago 19??.
7. Ole f. 8/4 1872, ugift. Reiste til Amerika, arbeidde i Chicago og døde der.
8. Anton f. 31/5 1874. Reiste til Amerika, ugift. arbeidde i Chicago.
9. Jens f. 5/5 1876. Reiste til Amerika, ugift. Arbeidde i Chicago
10. Laura Margrete f. 7/4 1878 g.m. lærar Johannes Husby. Bodde på Folkvang.

Lars Bromstad g.m. Kristiane Sikveland var bonde på Stranda frå 1895 til 1934. Før den tid hadde han gått amtskolen og var i USA frå 1889 til 1893. Var mykje med i offentlig styre og stell og var m.a. ordførar i Stjørna frå 1911 til 1917. døde på Stranda 1935.

Barn:

1. 1. Hans Bromstad fødd 28/3 1903, g.m. Anna Margrete Vårvik f. 6/3 1897 i Rissa.
2. 2. Lovise f. 21/10 1907, g.m. Konrad Moholt.
3. 3. Kåre f. 12/12 1915. Har gått Kunst og industriskolen. Teatermålar på Norske Opera i Oslo.

Ved skjøte av 12. sept 1852 overdrar Ole Arntsen Turbekmoen til Andreas Paulsen Søraunstranden 4 marklaug av sin anpart av garden Haugsdal løbenr. 283 i Ørland tinglag. Kjøpesum 50 sp.daler. eiedomen er nå særskilt skyldsatt under namn Haugsdalsåsen Inr. 283 c skyld 23 shilling.

Ved skjøte av 23. mai 1863 overdrar Jonas Odin Olsen som er testamentarisk arving etter Andreas Paulsen Søraunstranden, garden Haugsdalsåsen 283 c til Hans Olsen Bromstad. Kjøpesum 185 sp.daler.

### **KLEIVA 53/3**

Dave var bror? til Knut Torsenget (som var g.m. Serianna). Budde på Aune.

Petter Jonsen Lillemo ("Petter bymann"). Kjøpte Kleiva av Hans Bromstad, skyldsatt 1/6-1870. han hadde også hus ved Perkleiva i Melkvollen. Kona hette Randi, ho var frå Røra.

Petter bymann reiste mykje mellom Stjørna og Trondheim og dreiv forretning. Saman med Andres kjøpte han gard i Trondheim og budde der ei tid. Han budde også på Lillemo, men flytta til slutt til Leksvika. Døde der.

### **STRANDALIA 53/6 skm. 0,14**

Strandalia var husmannsplass under Stranda. Tomas Olsen Strandali og kona Olava Mikkelsdatter busette seg der i 1862 og rydda plassen som er på 10 dekar dyrka jord. Tomas dreiv sjøen ved sida av plassen.

Olava Strand f. 1832 på austre Turbekmo. Ho tente i unge år på Stranda. Ho vart gift med Tomas, bryllaupet sto på Stranda. Dei budde ei tid i Kleiva hos Dave. Dottera Ingeborg ble fødd der. Så budde dei ei tid i husa hans Petter Jonsen (bymann) i Melkvollen. dei kjøpte så ei stue på Husby og budde der eit års tid. I 1862 flytta dei stua til Strandalia og rydde plass der.

Olava vart svært gamal, ho døydde 1930, 98 år gamal. Far hennar heite Mikkel og mora Beret. Beret var frå Hasselvika. Dei budde på indre Turbekmoen. Beret budde også ei tid hos Peter Husby, men flytta seinare til Strandalia og døydde der.

Det var desse barna:

1. Ingeborg født 1858. Flytta til Trondheim og dreiv hotell Viktoria. Dottera Tora ble gift med Oskar Staldvik som dreiv kommisjonsforretning i slaktedyr.
2. Ole født 1862, g.m. Ellen Endresdr. (sjå Bastu-tofta). Dei budde i Strandalia og dreiv plassen. Dreiv fiske og gardsarbeid.
3. Trine født. 1867. arbeidde på Stranda hos Lars Bromstad i lang tid. ble seinare sentraldame på Stranda.
4. Berntine Margrete f. 1870. Bodde i Trondheim i lang tid. Seinare sentraldame saman med Trine på Stranda.
5. Johan Arnt født 1874. bur i Trondheim. Har vore i firmaet Nicolay Buch i lang tid..

Ved kjøpekontrakt av 25/3 1921 vart eigedommen Strandalia kjøpt av Johan Arnt Strand. Det vart i midlartid søstera Bertine som tok over bruket. Ho overdrog Strandalia til Ole Strand (son til Johan Arnt Strand) i 1941.

Ole Strand født i Trondheim 1903 ?, g.m. Ardis Bjørkvik født død Ole Strand driv no bruket. Har drive ein del med jordbær og gulrotproduksjon.

Husdyr        1875: 1 ku, 6 får, 6 geiter  
                  1963:

Utsæd        1875: 3/8 havre, 3 1/2 poteter  
                  1963:

Ole Strand og kona Ardis har ein som Johan født



## **TURBEKMOEN (53/2)**

Ole Arntsen By Turbekmoen f. omkr. 1770 (son til Arnt Nordsetra som var frå By i Åfjord), g.m. Ane Kristoffersdtr. Stormo f. 1789. Budde på Turbekmoen. Barn:

1. Ellen g.m. Nils Engan frå Støren, Budde Ramsvikhaugen.
2. Kristoffer Olsen Øyan f. 1812, Bonde Øyan.
3. Nils Turbekmo.
4. Ingeborg g.m. Anders Ramsvik

Nils Olsen Turbekmo fekk skjøte på Turbekmoen (L.nr 274<sup>6</sup>) frå Hans Bromstad dat. 31. mai 1854.

Kona heitte Siri. Siri hadde før ekteskapet ei dotter Gunnelie (faren Gunnerius blei på Sjøen). Gunnelie vart gift med Odin Turbekmo.

## **YTRE TURBEKMOEN 53/2**

Ove Nilsen f. 1841, g.m. Kristine Barn:

1. Nils Turbekmo, budde Trondheim, måler g.m. Anne Kvithyll, far til Birger Nilsen
2. Elias g.m. Johanna frå Rissa. Var i USA. snekker gard i Bjugn, Møllergården, Elva, Bur i Trondheim
3. August f. 1880, reiste til USA
4. Ole – USA
5. Karen g.m. John Sandvik
6. Anne, reiste til USA

Ove reiste til USA døde på tur tilbake til Norge, begrave her.

Enka Kristine solte garden til Johan Arnt Øyan. Han satte opp stua til Kristine ved vegen ovanfor skyttarhuset. Dette var omkr. 1900 (Kristinastua) Kristinastua sto til etter krigen.

Anna Øian var dotter av Arnt Fisdalen. Arnt Fisdalen var frå Meldalen g.m. Marta Johannesdtr. Kimo.

## **TURBEKMOEN BURET 53/2**

Det var ei stua som stod på nedsida av vegen der militærdepotet nå står.

1875

Kornelius Tomasen Dypvik f. 1829, fisker g.m. Karen Jonsdtr. (søster til Anders Jonsen Lilleli). Barn:

1. Tomas Korneliusen Dypvik f.1856. Busette seg i Heia Fjellheim 64/10.
2. Margrete f. 1863. Flytta til Trondheim, døde der.
3. Kristine f. 1870. Døde ung.
4. Jakobine f. 1873 g.m. Sivert Brandhaug. Jakobine hadde ein son, John Dypvik som bor i Trondheim. Ho hadde også ei dotter Kari. Ho vart gift på Veiholmen, er død.

Bergitte Jonsdatter var søster til Karen Jonsdatter. Ho budde i Buret etter at dei andre flytta ut. Vart kalla Bergitte Buret. Ho var gift med Lars. Barn:

1. 1. Lovise – døde som barn, drukna i Bastuhølen. Vart funne på bergneset ovanfor brua.

Lars og Bergitte hadde 2 døtre som voks opp og reiste til USA.

På sine gamle dagar flytta Bergitte til Trondheim. Kom inn på Hospitalstiftelsen. Var der til ho døde.

## **TURBEKMOEN INDRE 53/4**

Odin Jonas Olsen f. 1832, d. 1908, g.m. Gunelie Guneriusdtr. f. 1837, d. 1902. Barn:

1. 1. Johanna Sofie Odinsdtr. f. 1859 g.m. Johan Arnt Nyland
2. 2. Andreas f. 1861. Tok over Turbekmoen etter foreldra. Han var ugift. Døde 1948.
3. 3. Nils f. 1863. Reiste til USA. Ble gift der, kona var frå Melhus.
4. 4. Sebine f. 1865 g.m. John Leirfall frå Melhus. Reiste til USA
5. 5. Helmer. Reiste til USA, gift der. Han hadde ein son her Lars. han reiste også til USA
6. 6. Ingeborg Anna f. 1870 g.m. Tomas Husby (Stoen). Dei hadde bruket Steinan eller Lilleårnes 60/8
7. 7. Martinus f. 1872 g.m. Pauline Mælan f. 1874. De hadde bruket Sagmyra.
8. 8. Ove f. 1875 g.m. Oline Harbakk. Hadde hus og ein del av Turbekmoen.
9. 9. Dora f. g.m. Kornelius Aune. Mannen døde og Dora vart gift på nytt med Kornelius Stormo. De hadde garden Moholt 57/6
10. 10. Anton f. 1882 g.m. Karoline Bjørhovde. Han var underoffiser. Var handelsstyrar på Indre Stjørna handelsforeining som kom i gang i 19 ved Strandasjøen. Seinare var han handelstyrar i Rissa og på Ørlandet.

## **NILS TOKSTADS HUS 53/11**

På Turbekmoen (indre) gammalstua.

Det var Olaus skomakar (Dalum frå Børsa) som bygde denne stua.

Kristian Aune kjøpte stua og budde der ei tid. Han solte stua til Martinus Turbekmo som igjen solte stua til søstera Dora (Moholt). Dora gifta seg med Kornelius Stormo og flytta til Moholt som da var nytt bruk utskilt frå Stormoen.

Dora solte da (1913) stua til sin bror Ove Tokstad far til Nils som no eig stua.

## SØRAUNET 275 a

De som nedstammer fra **Lars Andersen Søråune** (f. 29. okt. 1803, d. 23. juni 1882) og hans første hustru (Lucie) Løssi Tomasdr. Sandøy (f. 4. juni 1803, d. 16. juli 1838, gift 27. aug. 1833) er følgende:

1. Karen Sofie Larsdr. Søråune f. 20. sept. 1835, d. 1914
2. (Anne) Margrethe Larsdr. Søråune f. 1. sept. 1837, d. 8. febr. 1917

Karen ble gift med Petter Pedersen Lysvand og hun levde til 1914. De hadde fire sønner:

1. Peter Lorents Lysvand f. 24. sept. 1862, d. 1944
2. Edvard Lysvand f. 26. april 1865, d. 1944
3. Leonard Lysvand f. 6. juni 1869
4. Ludvik Kristian Lysvand f. 28. febr. 1974

Margrethe ble gift med Ole Kvernhusvik og de hadde disse barna:

1. Lars Olsen Kvernhusvik f. 1862
2. Ellen Lovise Olsdr. Kvernhusvik f. 1868
3. Anna Ovedie Olsdr. Kvernhusvik f. 1872

Lars Olsen Kvernhusvik og hans hustru Anna hadde disse barna:

1. Anton Kvernhusvik
2. Ole Kvernhusvik
3. Oskar Kvernhusvik
4. Olga Kvernhusvik g.m. Olaf Langeland
5. Johanna Kvernhusvik

**Lars Andersen Søråune** og hans andre hustru Ellen Davidsdr. Kleiva (f. 29. okt. 1803, d. 23. juni 1882, gift 24. okt. 1839 i Ørland kirke) hadde følgende barn:

1. Leonard Larsen Søråune f. 1939, d. 17. mars 1869. Han omkom på Lofoten
2. Andreas Kornelius Larsen Søråune f. 1841, d. 1929. Han tok senere navnet Rathe.
3. Ane Dorthea Larsdr. Søråune f. 1844. Gift med Kristian Flessen (Kristoffersen Dypvik).
4. Lovise Larsdr. Søråune f. 1845. gift med Per Fisdal. De flytta til Frøya og tok der navnet Ervik.

Lars Andersen Søråune og hans tredje hustru Kirsten Sivertsdr. Mælan (f. 1823, d. 30. mars 1900, gift 4. okt. 1849) fra Uvsløkken, Rennebu hadde følgende barn:

1. Edvard Kristian Larsen Søråune Sagli f. 6. juli 1850, d. 24. nov. 1928. G.m. Gunhild Marie Paulsdr. Mælan.
2. Simon Larsen (Søråune) f. 1851, gift med Karen Fransen. Tok navnet Larsen og bodde i Råkvåg.
3. Sofie Larsdr. Søråune f. 1853, gift med Kristoffer Ellevsen Enebakk. De tok over gården.
4. (Lorents) Kristian Larsen (Søråune) f. 1855. bodde på Steinan, g.m. Ellen Stoen.

*Desember 1969*

*Ingvald Husby*

## SØRAUNET (ØYSTERGARDEN) 54/4

Før 1793 var Anders Christoffersen leiglending på Aune. Sonen Ole Andersen flytta til Tømmerbakken og ble husmann der.

Husa på garden stod opprinneleg på flata aust og nord for gardsplassen i dag. Det rasa ut så mye i leirbakkene at husa måtte flyttes. De ble da flytta til vinkelen i gjerde på flata nedanfor husa no. Seinare vart husa flytta opp på bergplataet der de står i dag. Den nye stubbygningen var oppført og skulle selles nordover. Det ble det ikkje noe sal og det ble nystua på garden.

I 1793 kom Anders Jonsen Helgåmo frå Horg flyttende til Søråunet.

Anders Jonsen Helgåmo var medeigar i et selskap som ble ledet av lensmann Ness og som drev med skogsdrift og sagbruk. De hadde da overtatt i alt 13 skattnr. (frå Kristoffer Olsen Foss) rundt i Stjørna. (Haugsdalen ? også).

Anders Jonsen Helgåmo fikk som sin del overtatt Søråunet og Ytre Bjørkvik. Samtidig (1793) ble Søråunet delt i 2. Vestre del gikk til Anders Sivertsen Rye som var søskenbarn til Anders Jonsen Helgåmo. Han var også frå Horg.

Det er fortalt at da Anders Jonsen Helgåmo med familien kom flyttende til Aune, rodde de båtane opp i Bastuhølen. For å komme vidare opp til Aunholmen måtte de hogge mange tre som låg utover elva. Sonen Jo var da 4 år og bar kubjøller opp til garden.

Anders Jonsen Helgåmo g.m. Gjertrud Nilsdtr.

Barn:

1. Jon Andersen Søråunet, ble bonde på Søråune
2. Ellen Andersdatter Søråunet g.m. Hans
3. Malena Andersdtr. Søråune, reiste til Trondheim. (*etter mine opplysningar var hun dotter av Anders Sivertsen Prestmyren Søråune (Rye)*)

Anders Jonsen Helgåmo og kona Gjertrud Nilsdtr. dreiv garden til Anders døde omkring 1815. etter den tid fortsatte Gjertrud som eigar og driver av garden. Under krigen 1808 – 1814 var sonen Jon på Haugesundskanten og var med og bygde kanonbåtar. Etter at krigen var slutt, kom han tilbake og ble gift med Kristianne Husby (Krangsås).

De tok over garden og hadde disse barna:

1. Andreas f. 1812 (Nylandet)
2. Johan Arnt g.m. Bergitte Monsvold (barn Anton, Johan, Litl-Anton far til Johan Antonsen)
3. Kornelius g.m. Anne Lillemo, bonde på Lillemo og Søråune.
4. Petter, ugift, døde Leksvik (Petter bymann)
5. Jørgen g.m. Marit Rokset, eigar Kleiva.
6. Hjertrud g.m. Kristoffer Øian
7. Karen g.m. Aage Foss
8. Helene g.m. Brede Arnt (nedre Djupvik).

Jon Andersen Sjøraunet ble gift 2. gang med Marit Andersdtr. Fisdal og de hadde sonen Johan Arnt (Nyland) g.m. Sofie Turbekmo, Marit hadde før ekteskapet 2 barn: Anne Stol.

Jon Andersen Sjøraunet døde omkring 1875, 86 år gammel.

Ellen Andersdtr. g.m. Hans eigde ein søsterpart av Sjøraunet og budde der. Stua stod der størhuset står i dag. De hadde disse barn:

1. Anders Bukta f. 1823 g.m. Elisabeth Olsdatter f. 1826
2. Elling Smith Hansen g.m. enke Kirsten Sivertsdtr. på ytre Aunegården.
3. Benjamin (Sot-Benjamin), feiar på Ørlandet
4. Jon Hansen Husby f. 1820 g.m. Margrethe Paulsdtr. f. 1824. (*Budde på Husby Strandsede 1865*)

Jo Aune kjøpte søskenparten av Ellen Andersdtr.

Kornelius Aune f. 1822 g.m. Anne Pedersdtr. Lillemo som var fosterdotter til Ole Lillemo (Hun var dotter til Malena Staviksstrand frå Sletta på Hitra). De overtok garden Lillemo Øvre og budde der i mange år.

Seinare overtok Kornelius og Anne farsgarden på Aune og budde der.

Han kjøpte også Rødsjø nordre av brødrene Ole og Johannes, de var frå Verran. de kjøpte Rødsjøen i 1852 av selskapet Ole Lene m.fl. (skogdrivarar). Johannes reiste til USA. Bror (far) til Ole og Johannes hete Per og ble husmann på Halsmarka.

Kornelius Aune bygde stua på tømmerbakken (Det gamle fjøset ble satt i stand). Da Kornelius Aune overdrog garden til sonen Ove ble Tømmerbakken utskilt som eige bruk.

Kornelius Aune f. 1822, g.m. Anne Lillemo f. 1822. Barn:

1. Ove f. 1847 g.m. Ingeborg Rasmusdtr. Hoset f. 1848
2. Johanna f. 1848, g.m. Daniel Rødsjø
3. Kristine f. 1853, g.m. Sivert Brandhaug
4. Anne Marta f. 1856, g.m. Petter P. Mælan (Lillemo)
5. Ine f. 1862, g.m. Anton Rødsjø
6. Karoline f. 1859, g.m. Petter Mikalsen Mælan (Tømmerbakken)

Ove Aune g.m. Ingeborg Rasmusdtr. Hoset frå Rennebu (kom til Stjørna 8 år gammel). Barn:

1. Anna Aune
2. Kornelius g.m. Dora Turbekmo
3. August g.m. Beate Turbekmo
4. Jørgine g.m. Ludvik Nordseter
5. Andreas g.m. Josefa
6. Inger g.m. Olaf Frengen

Ove og Ingeborg budde på Aune og eigde og dreiv garden. Ove var også meget ivrig sildefisker. Hadde notbruk og sjøhus ved Strandasjøen.

## STORMO 57/1

Kristoffer Larsen f. 1742 kom frå Skaudalen (Olsøy) og kjøpte garden ”Husby eller Moen kaldet” matrikkel nr. 699 av skyld 8 mrk fiskeleie av Christoffer Larsen Foss for 140 rd. skjøte er dagsatt 24. september 1792. Skylddelinga vart først halde 1. august 1808.

Kristoffer Larsen Stormo f. 1753 var gift med Ingeborg Nilsdatter (Søster til Jens Nilsen Olsøy? Skifte 8/1-1817. Bror som heter Ander Nilsen, han hadde ein son Ole som visstnok åtte Rødsjøen – Ola Rødsjøen. Reiste han til Oppdal og kjøpte Bjerkaker?). Kristoffer og Ingeborg hadde disse barna:

1. Lars Kristoffersen Stormo f. 1787, tok over garden etter faren.
2. Ane f. 1789, g.m. Ole Arntsen (By) på Turbekmoen.
3. Ingeborg f. 1782, g.m. Anders Pålsen Stranda.

Lars Kristoffersen Stormo fikk skjøte på garden frå medarvingane 23. juni 1834 for 175 spesidalar. 1823 kjøpte han Osen matr. nr. 698 av skyld 4mrk fiskeleie av Lars Larsen Søraunet for 100 daler.

Han var gift med Ane (vart uttala Anj) Andersdatter Søraune (død omkring 1826-27). Barn:

1. Ingeborg f. 1822 g.m. Per Størset frå Råkvågen, han flytta til Staursethen i Rissa)
2. Kristoffer f. 1825, bonde på Stormo
3. Nikoline f. 1825 (tvilling) f. 1825, g.m. Hans Husby og budde på Husby.

Lars Kristoffersen Stormo ble gift på nytt med Olava Pedersdotter f. 1802 (Inderråk). Barn:

1. Lovise f. 17/4-1834, d. 30/10-1880, g.m. Hans Bromstad og var bondekone på Stranda.
2. Anne Martha, flytta til Dalen og døde der.
3. Johan Arnt (Dalen), g.m. Ellen Dahlen og flytta dit – overtok garden.
4. Petter, døde på Stormo, han var sjuk.

Kristoffer Larsen Stormo f. 1825, g.m. Beret Anna Olsdtr. Foss f. 1831 i Rissa tok over garden etter far sin. Barn:

1. Anna f. 1850 g.m. Johan Ramsvik
2. Sigrid f. 1853 g.m. Kristoffer Eggen
3. Lars Moe f. 1855 g.m. Ingeborg Bromstad. De tok over Stormo og budde der ei kort tid til Lars døde.
4. Ola Skogan f. 1857. Han var gift 3 gange
  - a.
  - b. Karen Refsnes
  - c. Anna Skogan, Ørland. Han døde på Skogan, Ørland.
5. Kristian, skreddar f. 1860, døde på Stormo
6. Anton C. Moe f. 1862 g.m. Sigrid Moe. De kjøpte garden Bjørnsvik, før den tid var Anton i USA.
7. Birgitte f. 1868 g.m. Anders Brandmo, reiste til USA
8. Anders f. 1866, døde ung på Stormo
9. Oline f. 1870, g.m. Ole Pedersen USA
10. Alberte f. 1875, diakonisse i Trondheim
11. Kristine g.m. Simen Bedin (Flyta), reiste til USA, døde der.

## **MOHOLT 57/6**

Utskilt frå Stormo. Kornelius Stormo fikk dette bruk utskilt av farsgarden Stormoen i 1906. Han bygd nye hus der og gifta seg med Dora Aune (enke etter Kornelius Aune som drukna under fløyting i 1902), De busette seg på Moholt 1913. De tok da Moholt som familienamn.

Kornelius Stormo døde alt i 1915. Dora Moholt var f. 1878, død 17/3 1962. Dora og Kornelius Aune hadde 2 søner:

1. Konrad f. 1900
2. Guttorm f.

Konrad Moholt ble gift med Lovise Bromstad f. 1907. De overtok Moholt 1954.

## **MÆLAN 59/1**

### Hard vinter 1858.

Åge Kleven fortalte:

Isen låg sterk heilt til Høybakken den vinteren. Kjøpmann Martin Mælan var fødd det året og far hans Pål Mælan skodde opp hest for å kjøre til Hegvikkjerka etter isen med Martin til dåpen. Men natt til søndag vart det vestavêr og isen gjekk opp så dei måtte sette ut kjerkturen.

Pål Mælan var frå Verran. Han var gift med Beret Gabrielsdtr. Mælan f. 1825 . Dei eigde vestre garden på Mælan. Barn:

1. Hilmar Paulsen f 1844, gardbrukar på Mælan
2. Gunhild Marie Paulsdr. f. 1849, g.m. Edvard Sagli
3. Hanna Paulsdr. f. 1851, g.m. Ola Husby
4. Peter Paulsen f. 1855, g.m. Anne Marta Lillemo
5. Martin Paulsen Mælan f. 1858, kjøpmann Husbysjøen
6. Pauline Paulsdr. f. 1865

Beret Mælan vart gift på nytt med Johannes Føll f. 1844 Rissa. dei hadde ein son

1. Anton Mælan f. 1871.

Etter at Beret døde ble Johannes Mælan (Føll) gift med Johanna Storlia, Bjugn. Da Johannes døde kom Johanna Storlia sjølv inn til Mælan og betalte ut arven til Anton Mælan (Ho var svært rik).

## **MÆLAN ØSTRE**

Jens Åge Spakmo f. 1828 på østre Mælan i Stjørna. I 1839 flyttet Jens Åge til Spakmo i Rissa. Mor til Jens Åge het Sigrid Johnsdtr., f. 1801 på Rokset i Rissa.

Far til Jens Åge var Ola Jensen Mælan. Han døde i ung alder. antagelig omkring 1835 på Mælan. I skogdelingsforretning på Husby i 1830 møter Ola Jensen som eier av Mælan østre.

Far til Ola Jensen kaltes antagelig Jens Sæter? og han har antagelig kjøpt Mælan en del år før 1830.

Opplysninger gitt av Ola Spakmo, adr. Konovs gt. 51, Oslo

Notert av Ingvald Husby



## HUSBY

Gården Husby var før 10. juli 1771 leilendingsgård. Gården ble nevnte dato solgt til Anders Rasmussen Husby. Det var da også 3 husmannsplasser som tilhørte leilendingsgården; Bjørnsvik søndre, Bjørnsvik nordre og Moplassen (Stormoen).

Det er camerråd Hans Holtermann som har undertegnet skjøte. Gårdens skog fulgte ikke med i denne handel. Skogen var på denne tid solgt til uthogst til noen skogdrivere fra Gauldalen. Skogen ble tilkjøpt gården omkring 1800.

Den 7. februar 1801. Gården grenset i vest mot Staviken og Fesdal. Mot øst grenset gården mot eiendommen Haugtdal. det var etter forholdene en stor eiendom.

Etter denne handel oppsto det tvist mellom Anders Rasmussen og eieren av Østråt om leilendingsplassene under Husby. Det endte slik at Østråt solgte plassene til de som bodde der. Dette var også i året 1771 og plassene ble skyldsatt fra Husby samme år.

Den 7. februar 1801 opprettet Rasmus Andersen, som hadde overtatt gården Husby, kontrakt med Nils Olsen Sommervold som da bodde på Monsvold i Stjørna, kontrakt som etter sitt innhold må betegnes som forpaktningkontrakt for halvparten av gården Husby. Sommervold skulle betale 25 rd. + halvparten av gården Husbys påløpne skatter årlig.

Jeg siterer grunnen for bortleien: ”Jeg underskrevne Rasmus Andersen Husby kjendes og viterliggjør: at jeg da jeg ikke for nærværende er i stand til at gjøre de forbedringer på Huse og jord som min eiende gård så høyligen tiltrenger og erfaringer har lært at ikke mengde av den i bruk havende jord, men ikkun så meget der fullkommen kan holdes i hævd ved en passende vellinnrettet dyrkingsmåte opphjelper en fattig bondefamilie. Så haver jeg besluttet osv. ”

Så fram til 16. juni 1804: Da gjør Sommervold kjøp av den halvpart av Husby som han tidligere har leid. Under leietiden bygde Sommervold hus både for folk og fe der nå Johan Fenstads gård er.

Kjøpesummen for halvparten av Husby gård med den nå tilkjøpte skog var 999 rd., skylden satt til ½ vog fiskeleie. Huusebye martno. 699.

Grensen for den solgte halvpart begynte like øst for Sivert Husbys bolighus ved sjøen og like vest for Ingv. Husbys gårdsbebyggelse og opp mot Hushaugen. derfra langs småberga til Ørbekken og etter denne til sjøen og videre langs sjøstranden til utgangspunktet.

Men Nils Olsen Sommervold måtte ha vært litt av en forretningsmann. For etter fem år som eier av østre Husby, bestemte han seg for å selge gården med unntagelse av det som nu kaldes vestre Mælan. Det skjedde den 23. juni 1809. Da solgte Sommervold østre Husby til en mann fra Bynes brestegjeld, Børsen sogn Knut Paulsen Krangsås for en kjøpesum 2.000 rd. 1.000 rd. kontant og for resten 1.000 rd. mot pant i gården Husby.

Før dette salg ble foretatt, ble plassen Moen (Stormoen) fradelt østre Husby i året 1807.

Sommervold hadde før salget bygd seg hus på vestre Mælan. Det framgår av skylddelingsforretningen på Mælan av 30. august 1809.

Knut Paulsen Krangsås var gift og hadde mange barn da han flyttet fra Børsa til Stjørna. Her er familien:

Knut Paulsen Krangsås f. 1756 i Viggen anneks, Byneset prestegjeld. Hustru Karen Eriksdatter f. 1758. Barn:

1. Paul Knutsen Krangsås f. 1787, d. 1789
2. Marit Knutsdtr. Husby f. 1789
3. Ane Knutsdtr. Husby f. 1791
4. Kristiane Knutsdtr. Husby f. 1793
5. Erik Knutsen Husby f. 1794
6. Paul Knutsen Husby f. 1795
7. Karen Knutsdtr. Husby f. 1799
8. Per Knutsen Husby f. 1801
9. Knut Knutsen Husby f. 1804
10. Kristian Knutsen Husby f. 1807

*Før han ble gift hadde Knut en sønn Jon f. 1781 med Ellen Olsdtr. Børsøren og en sønn Jon f. 1785 med Randi Ellingsdtr. Viggen.*

*Knut Paulsen var født på gården Åsen i Viggja. Etter bygdeboka for Børsa bind 1 s.141 ff kjøpte han gården Nergård Krangsås i 1789 for 400 riksdaler. Kjøpesummen ordnet han ved en panteobligasjon til fru Holtzendorf på 150 riksdaler og selgeren Rasmus Torgeirson en panteobligasjon på 206 riksdaler. Egenkapitalen var bare 44 riksdaler. Familien var på gården i 18 år og 8 av barna ble født der. I 1803 var det 1 hest, 4 storfe og 6 småfe på bruket og utseden var 5 tønner korn. Gjelda er tung. De gamle panteobligasjonene ble slettet, men Anders Ivarson Eggen i Melhus fikk en panteobligasjon på 300 rdr. og senere fikk Ola Olsson Follo en for 100 rdr. med andre prioritet. Fra 1799 satt John Normann med obligasjonen som Anders Eggen hadde hatt. I 1807 overtok broren Jon Pålsson gården og en panteobligasjon på 600 rdr. til John Normann. Da pengefallet kom ble gjelden lettere å bære og Jon ble en velstående mann. Knut flyttet til Stjørna med familien og de 9 yngste barna og kjøpte gården Husby. Slekta etter Knut og Kari Eriksdtr. er stor da de hadde 10 barn som ble inngiftet i andre Stjørnaslekter. Tillegg ved PH*

Hvor det ble av sønnen Erik og Peder har jeg ikke greid å bringe på det rene. Kristiane ble gift med John Andersen Sjøraune. De hadde følgende barn:

1. Andreas Johnsen Sjøraune f. 1812, d. 2. aug 1896
2. Gjertrud Johnsdtr. Sjøraune Øian f. 1817
3. Karen Johnsdtr Sjøraune Asplien Raak f. 1820
4. Kornelius Johnsen Sjøraune f. 1822, d. 22. nov. 1916
5. Helene Johnsdtr. Sjøraune Småvik f. 1827
6. Peter (bymann) Johnsen Sjøraune f. 1830
7. Jørgen Johnsen Sjøraune Kleiven f. 1832

Marit ble gift med Nils Nilsen Hulsund (Årnes). Han var den første som bodde på gården Årneset. (Skjøte av 1820)

Det ble Paul Knutsen som overtok gården etter sin far. Han ble gift med Mette Hansdatter f. 1795 på gården Næs i Ørland Prestegjeld. Hennes foreldre var Hans Kristiansen f. 1761 og Margrete Andersdtr. f. 1767. Mette hadde en bror, Anders Hansen f. 1792.

Paul Knutsen og hustru Mette hadde følgende barn:

1. Kornelius Paulsen Husby f. 1821
2. Margrethe Paulsdr. Husby f. 1823
3. Hans Kristian Paulsen Husby f. 1826
4. Peter Kristian Paulsen Husby f. 1829
5. Knut Paulsen Husby Besholm f. 1831
6. Markus Paulsen Husby f. 1836
7. Edvard Paulsen Husby f. 1839

Paul Knutsen drev gården frem til 24. mai 1852. Da ble gården delt i to like store deler. Sønnen Kornelius overtok heimgården.

Sønnen Hans flyttet ut og bygde der hvor gården tilh. Arvid Husby ligger. De delte hovedbygningen på gården på den måte at de skar huset rett over på midten. Se på dørene til østre stue hos Arvid Husby og dørene til vestre stue hos Johan Fenstad.

Til Margrethe ble det bygd hus i bukta. Stua er i bruk den dag i dag som huset til Marie Husby.

Paul Knutsen tok unna jord mellom Bukta og Mælan og bygde kårbolig der. Derav navnet Kåret.

Markus bygde seg gård på uskiftet utmark der Trygve Husby nå har sin gård.

Knut kjøpte øya Besholmen og flyttet dit.

Petter ble gift med Anne Husby, hun var gårdtaus.

Edvard omkom ved en ulykke på setra til broren Hans (Brattlandsetra)

*Desember 1969*

*Ingvald Husby*

## **ÅRNESET, LILLE, STEINAN 60/8**

Benjamin Stoen frå Rissa og kona Barbro bygde hus og rydda jord i Steinan. Dei hadde desse barna:

1. Johan Husby g.m. Anne. Dei budde først i Trøa (Einbakken) 60/12. Kjøpte gard i Malvik og flytta dit.
2. Beret Anna, reiste til Oslo
3. Tomas g.m. . Han tok over Steinan etter faren.
4. Isak Husby. Forretningsmann i Trondheim, grossistfirma.
5. Edvard Husby døde i Lofoten. (slått i hjel av ein kven)
6. Marie g.m. Sjunesen, Oslo

Tomas (Stoen) Husby g.m. Ingeborg Anna Odinsdr. (Tokstad) f. d. 1896, tok over bruket etter faren. Dei hadde desse barna:

1. Beate Gunelie f. 1892 g.m. August Aune.
2. Olaf Bernhard Husby, kontormann, Oslo

## **TRØA** 60/22

(Kroken i folketeljinga 75)

Anton Johansen kom frå Trondheim. Han var født 1843 og kom som gjetargut til Hans Paulsen Husby.

Kona Nikoline Kristoffersdtr. kom frå Dalsaune ved Storvatnet (Leksvik). Ho kom til Hans Paulsen Husby som setertaus.

Anton fikk i oppdrag frå husbonden at han måtte passe Nikoline for ”utpåkarane” på sætra. Resultatet vart altså ekteskap mellom Nikoline og Anton.

Første tida etter giftarmålet budde dei i bårstua på Husby. Dei 2 første barna vart fødd der. Seinare flytta dei til Kroken eller Trøa som det også vart kalla og bygde hus der og rydda plassen. Dei hadde desse barna:

1. Aksel f. 1865. Reiste til USA, vart gift med Ingeborg Anna Brandvik (dotter til Peter Husby og enkje etter lærer Brandvik)
2. Karl f. 1868, døde ung.
3. Elise f. 1869. tok over plassen etter faren omkring 1920 og dreiv den. Sonen Hans kjøpte plassen i 193
4. Martin f. 1873, reiste til USA. Døde der i 1963.
5. Olbert f. 1875 g.m. Elisabet Hagen. Dei rydda først jord og bygde hus ovanfor Årneset. Seinare kjøpte dei Vestre-Lilleårnes.

Elise Husby har ein son Hans, han kjøpte Trøa av Oline Husby i 193 . Trøa vart da skyldsatt under Trøa gnr. 60, bnr. 22, skyldmrk. 0,20. Hans har bygd nye hus i Trøa. Han vart gift i 196 med Paula Grande frå Ørlandet.

## **BASTU-TOFTA** (Husby)

Husa stod der Kåre Rødsjø no har hus.

Ellen Endresdtr. Strand f. 1869 g.m. Ole Strand (Strandalia). Ho var søster til Kristiane Søråune og var født i Lilleårnes. Far Endre Olsen. mor Dorteia Kristoffersdtr. Ho vart g.m. Gunerius Johansen Husby.

Dei bygde hus og busette seg på Bastutofta. Dei hadde ei dotter Elisabet. Ho er sjukesøster i Trondheim. Etter at den første mannen dødde gifta Ellen seg på nytt med Ole Strand i Strandalia. Dei hadde ingen barn.

## **OM PLASSER OG FOLK I RØDSJØEN**

### **RØDSJØEN 53/1**

Ole Andersen Rødsjøen var frå Skaugdalen. Han kjøpte heile Rødsjøen i 1806.

Iflg. skifteprotokoll nr. 10 Fosen (1817), møtte Ole af Gården Rødsjøen. Han var son til Anders Nilsen Alseth.

Søster til Anders Nilsen Alseth var Ingeborg Nilsdatter som ble gift med Christopher Larsen Moen (Stormoen).

Hennes bror var Michel Nilsen Størseth. Eide og budde han på Størseth?

Andreas Aune fortel at Ole Rødsjø baud Holtermann på Austråt å få Holvatnet (Det som var innafor Lille-Hulvand) om han ville føre saka om merkene mot Staten mot aust. Saka gjekk til endes i 1868 etter 30 år med forlik.

Ole Andersen Rødsjø var ein meget velstående mann og litt av ein herremann i folks omdømme.

Johan Bromstad var gjeter hos Ole Rødsjø. Han kunne av den grunn opptre som vitne i ein sak om merkene for Rødsjøen.

Ole Rødsjø solte Rødsjøen til Ole Lene frå Strinda. Han tok unna Rødsjøsetra som ble seld til Anders Husby.

Kona til Ole het Ragnhild. Det ble fortalt etter henne at da dei solte Rødsjøsetra hadde hu 7 – 8 daller smør med seg og sa ”Ja no har vi 8 daller smør – det blir vel uvisst om vi får til så mye dit vi kjem”.

Ole og Ragnhild reiste til Oppdal der de kjøpte garden Bjerkaker. Slekta er framleis på Bjerkaker.

### **SVEEN**

Sveen var plass under Rødsjøen. Sveen låg på nordsida av elva, omtrent over for Olausrommet (Fossen).

Kornelius Kristoffersen budde der. Han reiste til USA – Mafield.

Albert Rødsjø fortel: ”I Mafield var det er skolkrins som ble kalla Rødsjøen for det budde så mange Rødsjøbygger der”.

### **AASEN**

Plass under Rødsjøen (Danielgården). Aasen låg ved vatnet vest for garden ved sagbruket.

det var Ola Aasen som budde der. Sonen het Anders Aasen. Han hadde ein son som hete Ola Aasen. Han flytta til Holvatnet, Gammelgården. Aasen ble da nedlagt.

## **HAUGEN**

Haugen var plass under Rødsjøen – Danielgården.

1875:

Edvard Sivertsen g.m. Beret Pedersdr. Dottra Anna Lovise ble gift med Kristian Næss (Oldernæss i Åfjorden). De flytta til Ekset i Bjugn. Seinare ble de drivarar på sorenskrivergarden på Opphaug. Edvard døde der. Anna Næss døde i 1932. Sonen Ingvald Næss reiste til Hemne og kjøpte gard der. (Nabogarden til garden Rasinius Holvatnet kjøpte i Hemne da han flyttet dit)

Flytta seinare tilbake til Ørlandet. Ingvald Næss var gift med Marie Strand, søster til byggmeister Olav Strand.

Johan Rødsjø kjøpte husa på Haugen og flytta dei til Stormoen.

## **KARENSETRA**

Plass under Rødsjøen.

1875:

Peter Laurits Olsen g.m. Anna Larsdr. Agnetlia budde på Karensetra. De flytta seinare til Agnetlia der kona var frå. Han ble da kalla Peter Laurits Agnetli.

Peter Laurits var i kast med ein bjørn som skadde han slik at han hadde men av det heile livet.

### **Peter Laurits og bjørnen:**

”Peter Laurits hadde slått i Blanktjernlia og høystakkar der. Han var der med ein kjelke og henta høy. Da kom ein bjønn og tok på han. Bjørnen beit seg fast i handa til Peter Laurits og holt fast. Peter Laurits prøvde å få tak i tollkniven sin, men greidde det ikkje. Peter Laurits ble liggande under bjørnen.

Da det var gått ei tid kom Andreas Nylandet, Daniel Rødsjø og ein til kjørande. Dei skulle til Nordsetra etter høy. Bjørnen vart da redd. Han kosta Peter Laurits langt nedover lia. Peter Laurits ropa da til høykjørerane om hjelp. Han fortalte det som hadde hent og ba høykjørerane koma å hjelpa seg. De svara at de skulle koma når de hadde vore i Nordsetra å lest på høy. Peter Laurits måtte da ligge å vente til dei kom igjen.

Anton Rødsjø henta Martin Seterhaugen i Rissa. Han var den mest kjente av bjørnejegerane her omkring. Når Martin kom til Rødsjøen gav dei seg på bjørnejakt. I lag med Martin Sæterhaugen som hadde munnladningsgevær, var Anton Rødsjø med haglgevær dertil 2 mann med staurar.

Dei fekk peiling på bjørnen i Torsengkammen. Dei fulgte bjørnen over Austdalen og det bars i sydøstleg retning mot Skorven. Der kom dei på skotthald. Martin varskudde dei 2 karane med staurane at dei måtte vera snar å komma seg ut av krutrøyken når han skaut for bjørnen ville komma i mot dei viss han ikkje vart drepen med 1. skottet.

Martin la an og skaut. Det same gjorde Anton. Dei måtte skyte 2 skott for å drepe bjørnen. det frakta bjørnen til Rødsjøen til gammalstua, der den vart flådd. Det vart koka sodd og det smaka overlag godt.

Martin Sæterhaugen skaut også 1 bjønn i Dammulskaret sør for Rødsjøen og 1 bjønn ved Osavatnet.”

## **HALSMARKA**

Per Tangstadli frå Verran g.m. Kirsti ble av sine søner Ole og Johannes Rødsjø nedsett som husmann på Halsmarka.

Sonen Petter f. 1842 g.m. Julianna Olsdatter f. 1836 Frosta, fortsatte på Halsmarka etter foreldra. Barn:

1. Johan Peder g.m. Eline frå Mosvik. Etter mange spennande hendingar slutta han som forretningsmann i Trondheim (kolonialforretning i dotteras namn)
2. Kristine - reiste til USA
3. Berntine - reiste til USA
4. Grete - gift ved Jonsvatnet
5. Elise - reiste til USA
6. Karen - g.m. Sand frå Mosvik. Bodde i Råkvåg
7. Anna - g. i Mosvik
8. August - reiste til USA, gift med prestedotter. August skulle være meget vanskelig å være saman med, men svært dyktig. Når presten hadde forfall var det August som preika i kjerka.

Johan Peder Halsmarka var rekna for meistertjuv. Han skal og gjorde innbrott fort vekk, og var straffa mange gangar. Heime hadde han innreidd eit spesielt rom i veggen mellom to rom på loftet som han bruka til å skjule seg når lensmannen kom. Han var elles ikkje god å få tak i – han kunne springe frå folk som skulle ta han.

Etter at han flytta til Trondheim, bruka ha Petersen som familienamn. Han hadde kolonialforretning i Innherredsvegen. da han ikkje kunne få handelsbrev sjølv, var det dottera som sto for forretninga .

## **BJØRNDALEN 59/14**

Ligg på nordsida av Nordsætervatnet. Var i gamle dagar plass under Rødsjøen.

Albert Rødsjø fortel:

Lovise Nordsæter budde i Bjørndalen. I 1908 kom ein utsending frå futen og ville skrive ut sonen til Lovise til krigsteneste. Lovise mente at de var fritatt for militærtjeneste når de bodde så langt inne i marka.

Det var godt skiføre og måneskinn så Lovise spente på seg skiene om kvelden og gikk utover til futen som bodde på Austråt. Lovise kom tilbake med brev frå futen om at guten var frikjent for militærtjeneste – til den tid futens utsending held på å stå opp om morgonen. Han overnatta i Bjørndalen.

## **RØDSJØEN 55/1**

Per Tangstadlia (Halsmarka) g.m. Kirsti kom frå Verran til Rødsjøen. De hadde 4 barn:

1. Ole Rødsjø
2. Johannes Rødsjø
3. Petter Halsmarka
4. Gurianna g.m. Ingebrigt

Ole og Johannes kjøpte Rødsjøen i 1852 av selskapet Ole Lene m.fl. (skogdrivarar). Skogen fikk de først i 1870.

Faren Per (Tangstadlia) ble husmann på Halsmarka. Rødsjøgarden ble delt mellom brødrene Ole og Johannes. Johannes som fikk nordre garden 282 d, reiste seinare til USA. Han solte garden til Kornelius Aune.

Ola Rødsjø f. 1827 hadde hovudbruket. Han var g.m. Ane Martha Kristoffersdatter (Granhaugen) f. 1927. Barn:

1. Anton Kristian Olsen Rødsjø født 1856, g.m. Ine Pauline Korneliusdtr. Søråune. Neste bruker
2. Kristine Lovise Olesdatter Rødsjø født 20 jul 1859, g.m. Martin Olausen Rødsjø
3. Johanna Berntine Olesdatter Rødsjø født 22 juni 1859, g.m. Lars Monsen.
4. Olina Margrethe Olesdatter Rødsjø født 14 mai 1863, g.m. Nils Kristoffersen Øian.
5. Peter Andreas Olsen Rødsjø Fiksdal født 13 Nov 1866, g.m. Anne Marta Eriksdatter Fiksdal
6. (Karen) Sofia Olesdatter Rødsjø født 3 mai 1868, g.m. Jens Larsen Haugen, Soknedal



## **BUSETTING I HOLVATNET 55/3**

### **HOLVATNET**

Da Ole Andersen Rødsjø (Alseth) overtok Rødsjøeiendommen i 1806 fulgte Holvatnet med som plass.

Det er fortalt at Holtermann på Austråt fikk Holvatnet av Ole Antonsen for at han til gjengjeld skulle føre saken med statens allmenning om grenselinja for Rødsjøen mot aust. det ble forlik i saka i 1868.

Anders (*Andreas*) Larsen (*Sør*) Aune (Rathe) og lærer Svebakk (*skolelærer A. H. Sivertsen*) kjøpte Holvatnet av Holtermann (*bo*) (*Skjøte 13/1-1876 på 405 spd.*) Det ble fortalt at det ble lagt stor skyld på Holvatnet for å få høy pris ved salet.

Seinare kjøpte Johansen & Berg Trondheim Holvatnet (reiplager Johansen). Firmaet Johansen & Berg kjøpte eiedomen (skogen) og dreiv med ved og tømmer som de fløytt til Nordfjorden. De hadde sagbruk der. Det ble visst dårlig med lønnsemda.

Dette firma gikk konkurs og Lundgreens enke (bankeierfirma) tok over eiedomen som pant.

I 1875 bodde Erik Johansen g.m. Anne Johansdatter i Holvatnet.

Erik kjøpte eiedomen av Lundgreens enke. (*Skjøte til Erik Olaus Johansen frå Trondhjem Sparkasse på denne gard for kr. 1 500 5/4-1889*)

Peter Husby var med Erik til byen og ordna med handelen. Peter klaga etterpå; ”han fikk ikkje så mye som ein kopp kaffe heller for hjelpa”.

Rasinius Holvatnet som visstnok åtte ½ av garden, solte sin del til stortingsmann Lars Garberg, Orkdal. Rasinius kjøpte igjen garden Dypsæter i Hemne av Lars Garberg i 1899. Sonene Jørgen og Martin har nå denne garden.

Albert Rødsjø fortel at Erik hadde ein okse som drap gjetarguten (guten var frå Trondheim).

Martin Jakob som fortel:

Han kom til Holvatnet som gjetar i 1889. Erik Holvatnet åtte da garden, kona Anne var frå Flenstad i Åfjorden. Rasinius og Karen Anna budde også i Holvatnet. Rasinius var frå Verran, kona var frå Oldernes i Åfjorden.

Dei dreiv garden i lag. Rasinius tek seinare over garden, men reiste så til Hemne og kjøpte ein fjellgard der. (Sonene lever ennå – eg trefte ein av dei – Jakob - på garden der for eit års tid sia HB). De hadde også ei dotter Marta.

Folket i Holvatnet stod seg godt og levde bra. Dei bruka svært god mat fortalte Martin. Det var svært med stor aure i Holvatnet. Dei skaut elg. Første året skaut Jo og Ole Holten ein elg på 20 våg, det er vel 360 kg. Garden fekk halvparten.

Erik kjøpte 2 sekker rug i Trondheim og det vart mole på kverna der i Holvatnet og bruk til kakmjøl. Kaka (brødet) var svært god med heimkjerna smør og gomme fortel Martin.

Dei dyrka potet i bakkane. Dei halla sterkt slik at dei sette potetene i hol så han ikkje fekk rulle nedover. Byggåkeren var dårlig.

Martin fanga rype – det var mykje av ho. Han fikk sendt den til byen saman med Lysvandskarane. Dei sende rypa i sekker. Leonard Lysvand var den beste jegeren. Molt eller anna bær vart ikkje bruka i hushaldet.

## **GAMMELGÅRDEN**

Gammelgården låg på andre sida av elva.

Det var Ola Aasen frå Rødsjøen som busette seg der. (Åsen låg ved Rødsjøvatnet omtrent der Daniel Rødsjø har sagbruk). Ola Aasen var den einaste som budde på Gammelgården.

## **HØLEN (282c)**

Hans Arntsen (frå Nordsetra) busette seg i Hølen, før den tid var Hølen seter under Holvatnet.

Han var gift med

De hadde 3 barn:

1. Ellen
2. Arnt (Hulvand)
3. Maria

Ellen ble gift Anders Estensen Bjørset frå Storvatnet (Leksvik) f. 1812. Anders hadde før dette ekteskapet 2 barn:

1. Elias som rydde plassen under Sjøraunet der halvbroren Anton Sjøraunet tok over seinare. Det var han som bygd husa på plassen
2. Karl (far m.a. til presten Lian frå Leksvik som omkom under "Prinsesse Ragnhild"s krigsforlis 1941.

Anders Hølen (Bjørset) og Ellen hadde disse barna:

1. Johan Arnt Hølen, han budde i Hølen og i Verran
2. Anton Sjøraunet g.m. Kristianna Endresdatter
3. Selmer Langørgan g.m. Laura

Anders Hølen var kjent for å vera stor og sterk. Det gikk mange forteljingar om det.

Ein gang var han på Ørlandet og skulle kjøpe korn. Hefty på Austråt sa til Anders at han skulle fa 1 tønnesekk korn utan betaling om han kunne ta kornsekken på ryggen og bera den. Anders tok utan besvær kornsekken i meisa. Han tok av seg raudhuva og takke Hefty for kornet.

Liknande forteljing frå Strandasjøen: Dei haldt på å tok opp silda da anders kom og ville kjøpe sild. Han hadde med ein stor sekk. Karane syntes det var artig å ause sekken full av sild. Anders takka berre og lempa sekken opp av båten og batt den i meisa.

Notfolket var svært spent på om dette kom til å gå. Men Anders tok meisa med sild sekken på ryggen og gikk med god fart innover Strandavegen.

Anders hadde ein blågrå hest. Han snakka med hesten som med folk. Når han kom kjørande utpå "Memerke" der ein såg utover Sørfjorden, stoppa han hesten, gjekk fram og pekte på sjøen og fartya og fortalte hesten nøye om dette.

Anton Sjøraune (son til Anders) fortalte at når det vart lite om mjølmat bruka dei furubark å blande ut med. Dei mol da kornet og borken på handkvern.

## MARIA

Hun hadde før ekteskapet desse barna:

1. Hans Hulvand g.m. Anne Marta Stormo
2. Jakob (far Johannes Rødsjø), flytta til Verran, Brennfjellet. Han hadde m.a. dottera Kristine som ble gift med Johan Ingebrigtsen (skinnfellmakar)
3. Hanna Brede Arntsdtr. g.m. Olaus Fossen.

Maria ble så gift med Peder Olaus Olsen Hølen (Fossen). De flytta til Blankheia og busette seg der. Ekteskapet gikk ikkje så godt og Maria og Olaus ble skilt (sjå serskilt om dette)

Olaus ble gift på nytt omkring 1882 med Hanna Bergitte Brede Arntsdatter Hulvand. De busette seg i Fossen på sørsida av Rødsjøelva. Barn:

1. Anna g.m. Nils Øyan
2. Oline g. Ørland
3. Anne Marta g. Levanger
4. Ellen g.m. Karl Danielsen
5. Anton g.m. Inga (dotter til Bust-Hans)
6. Teodorus, flyttet til USA (Var svært flink på skolen, særlig til å skrive stil (Mælan skole)
7. Helmer g. Flyet på Ørland

## MARIA OG OLAUS HØLEN SIN SKILSMISSE

Maria var mye eldre enn Olaus. Olaus ble forelska og skulle ha barn med Marias dotter Ellen. Det ble da tale om skilsmisse.

Per Lysvand (bestefar til Leonard Lysvand) fikk i oppdrag frå futen og fare til Maria og Olaus som da budde i Blankheia for å prøve å få saken i orden. Han prøvde først med mekling, men det førte ikkje fram. Per fikk da stilt opp Maria og Olaus på stuagolviet med eit svart silketørkle mellom, som de haldt i handa. Per spurte: "Vil de bli skilt åt". De svarte ja på dette. Per tok da tollkniven og skar silketørklet rett av. "No er de skilt" sa han.

Albert Rødsjø fortel:

Grunne til at Olaus gifta seg med Maria var at han var svært plaga av eksem i ansiktet da han var ung. Maria lova at i tilfelle han ble gift med henne skulle hun gjøre han god for eksem. det

gjorde hun også. Olaus ble så fin i ansiktet at det var sjeldan å sjå noen med så fin hud i ansiktet.

### JOHAN ARNT HØLEN

Gift med Karoline (søster til Olaus Hølen). De fortsatte og bu i Hølen, men flytta seinare til Verran. De hadde mange barn.

Albert Rødsjø fortel:

Petter Lorents Lysvand kom dit og skulle arbeide sko til ungane. Han gjorde da først lest til den eldste og lagde sko. (Det var beinlest). Så smidde han av lesten litt og gjorde sko til nestemann. Slik fortsatte han til den minste hadde fått sko. Det var i alt 5:

1. Adolf
2. Elias
3. Johan
4. Eivind
5. Petter

Johan voks opp i Rødsjøen hos Berit og Edvard Haugen. Seinare flytta han til Rissa og ble gift på Overlandshaugen. Albert Rødsjø fortel at han kjente ein av etterkommarane som var lege i USA. Albert fortel seinare at legen er komme til Norge og bygger nå hus på Leira i Rissa. (*Det er muligens sonen til Arne E. Overland det siktes til, men han kom ikkje tilbake. Det gjorde derimot Arne med kone og dottera Carl.*)

### ARNT HULVAND

Gift med Bergitte frå Verran. Barn:

1. Hans Hulvand, bodde på Aune, flytta seinare til Tømmerbakken og døde der.
2. Ellen Anna
3. Teoderius.

### HØLEN

Frå Hølen fortel Martin:

Eldste sonen til Anders Hølen var Johan Arnt. Han døde ein av første dagane Martin var i Holvatnet. Kona Karoline (søster til Olaus Fossen) og barna flytta til Verran etter at Johan Arnt døde.

Dette var siste folket som budde i Hølen. Anders Hølen var kjent for å vera svært sterk. Det var ei kjent forteljing om at han kom til sjøen i Sørfjorden med ein tom kornsekk for å hente sild. Notfolket mora seg med å ause sekken full av sild. Men Anders knytte berre for munnen på sekken og tok han i meisa og bar den til Hølen. Det måtte bli minst 100 kg.

### HUKKERTHEIMEN – PLOGBAKKEN

Det var ein plass under Rødsjøen. Den låg nord for Holvatnet på vestsida av dalen. Oppsittarane der ble kaldt hukkertene.

De bodde først i Holvatnet. De avla bygg der. Det vart trøska på isen på Holvatnet. De la sekker rundt til ein firkant og la kornbanda ut der og trøska. Kornet der ble så båret opp i husa og reinska der.

Etter ei tid ble de sagt opp i Holvatnet og busette seg da på den plassen som er blitt kaldt Hukkertheimen eller Plogbakken. Ein av de som bodde der hette Jo. Sonen var Johan Arnt Brannmo.

## **FINNROMMET**

Det ligg i dalen nord for Holvatnet. Austsida av elva.

Finn Jo budde der. Det var han som fant bly i Skorven. På Tangstad var det ei klokke som hadde eit lodd med bly som Finn Jo hadde komme med. Da klokka vart selt på auksjon viste det seg at blyloddet var borte.

Finn Jo var gift med Marie frå Åfjorden. Albert Rødsjø fortel at Marie ein gang lova han å vera med til Skorven. Hu var da sikker på å finne blyet. Det ble ikkje noe av turen. Finn Jo kom frå ein tur til Råkvågen. Han sette seg i ?bakken for å kvile. Han døde der.

Finn Jo var dyktig på mange vis. Han kunne ”gjøre god” tennene. Anne-Marta Lillemo hadde 2 tenner Finn Jo hadde gjort god. det var de beste tennene hu hadde. De haldt seg friske helt til hun døde.